



BLI
LÆRLING I
BILBRANSJEN



AS Autoservice · AS Diesel-Elektro · AS Norsand · Aurland bil og maskin AS · Auto 8-8 Forum AS · Autohuset Sogn AS · AutoMarin AS
Barmen og Lund AS · Bil Body AS · Bildeler Førde AS · Bilhuset Førde AS · Bilpartner Vest AS · Bilpleiehallen AS
Bilskadesenteret AS · Bilskadesenteret Nordfjord AS · Biltema Førde · Biltreff AS · BilXtra Nordfjordeid · Carfix Vik AS · Dale Service-
senter AS · Eid Motor AS · Eid Servicesenter AS · Eide & Co AS · Fino AS · Florø Bil og Havneservice AS · Florø Bilskade AS
Florø Bilverksted AS · Fortun Bensinstasjon AS · Førde Bilsalg AS · Førde Bilservice AS · Førde Motorsport AS · Frydenbø Bilsenter AS
Fure Mekaniske AS · Gaular Bil AS · Gaupne Bilsenter AS · GT Bil AS · Hafslo Bilsener AS · Hatleberg Bil & Maskin AS
Hermansverk Servicesenter AS · Hettle Auto ANR AS · Høyanger Bil AS · Indre Sogn Bil AS · Intakt Bilskade AS · Jan's Bilberg AS
Janco Bilrep AS · Jølster Bil AS · Kaupanger bil AS · Kveen AS · Leikanger Auto AS · Leiv Austrheim AS · Måløy Auto AS
MECA Norway AS · Norddal Auto AS · Norsk motor import AS · Norsk Scania AS · Opus AS · Per A Øren AS · PS Bil AS
Sentrum Autoservice AS · Skadesenteret Riko AS · Skadesenteret Sogn AS · Slinde Transport AS · Sogn Bil & Båt AS · Sogn Bilskade AS
Sogndal Mc-senter AS · Stadt Servicesenter AS · Stårheim Bilverksted AS · Stryn Bilverksted AS · Stryn Mek. Verksted AS
Sunde Auto AS · Sunnfjord Bil AS, Førde · Team Verksted Vest AS · Terdal Bilservice AS · Tesla Norway
Tistels Auto · Toyota Nordfjord og Førde AS · Toyota Sogn AS · Trucknor Firda AS
Trucknor Førde AS · Trucknor Sogn og Fjordane AS
Vest Auto AS · Vest Service AS
West Maskin AS

Kontakt



Roald Standnes

Dagleg leiar og tekniskar
bilfaget, lette køyretøy

Mobil: 951 68 513

E-post: roald@bok-sfj.no



Thomas Einen

Opplæringskonsulent og tekniskar
bilfaget, lette køyretøy

Mobil: 476 86 083

E-post: thomas@bok-sfj.no



Alexander Herman Hansen

Opplæringskonsulent og tekniskar
bilfaget, tunge køyretøy

Mobil: 478 98 908

E-post: alexander@bok-sfj.no



OPPLÆRINGSKONTOR

Eit opplæringskontor er eit organ for bedrifter som samarbeider om opplæring for lærlingar, praksisbrevkandidatar og/eller lære kandidatatar.

Lærekontrakten er ein avtale mellom lærlingen, bedrifta, fylkeskommunen og opplæringskontoret.

VI KØYRER PÅ

Bilbransjen i Sogn og Fjordane står støtt og samla, og har i mange år sjølv stått ansvarleg for siste delen av fagopplæring i bilfaga. Mange av bilbedriftene i Sogn og Fjordane nyttar seg av den kvalitetssikringa som Bilbransjens opplæringskontor (BOK) tilbyr. Dei siste 25 åra har minst 921 lærlingar fått vidaregåande opplæring i bilfag i alle delar av Sogn og Fjordane.

Produsentar av køyretøy konkurrerer om å tilby dei mest attraktive modellane, noko av det som gjer bilbransjen spennande. Vi er der det skjer, med ny og gammal teknologi. Nye tekniske løysingane har ikkje alltid tolt «tidas tann», men mange negative spådomar har og blitt gjort til skamme. Eit godt døme på dette er katalysatoren som blei montert frå ca. 1988 på bensinbilar. Den kunne ikkje vare så lenge, var påstanden. I dag veit vi at den kan vare heile bilens levetid, og at den har redusert forureining dramatisk. Av og til er det freistande å meine at gamle bilar var best. Dei var kanskje enklare og meir oversiktlege før, men samanliknar vi objektivt så vinn dei nye køyretøya på dei fleste måtar.

I dette magasinet blir du litt kjent med fleire engasjerte lærlingar som satsar på fagutdanning. Alle er ulike og unike, og har ulike draumar, men dei satsar på ei fagutdanning som kan gje dei arbeid nærast over alt i Noreg. Det er eit trygt val – både i gode og dårlege tider. Håpet er at vi kan reparere meir i framtida, slik at lokale verkstader både stiller diagnosen og reparerer komponentane.

Arbeidsmiljø er viktig. Ein kjekk jobb, fine lokale og god løn er ikkje nok for å kunne trivast på jobb. Tvert imot kan andre ting vere vel så viktig, du må bli sett og anerkjent for at du skal trivast. Alle bilbedriftene jobbar for at dette skal fungere, men det er eit kontinuerleg arbeid som aldri kan leggjast ned. Det er viktig at lærlingane stiller krav til bedrifta, samtidig som dei spør seg sjølv kva dei kan gjere for at arbeidsmiljøet skal vere godt.

Roald Standnes

Dagleg leiar
Bilbransjens opplæringskontor



Å KJENNE PÅ MEISTRING



Ingrid Marie Vatne Rygg likar å hjelpe folk. Det kjem godt med i mekanikaryrket. Foto: Maria Hunvik.

Mellom store lastebilar er det Ingrid Marie Vatne Rygg (20) trivs best. Ho er lærling i faget tunge køyretøy hos Trucknor Førde, men det er ikkje første gong ho jobbar her.

Å jobbe praktisk med hendene kjem frå foreldra mine. Mamma var første kvinna i Sogn og Fjordane som tok fagbrev i slaktarfaget og pappa jobbar på verkstaden til Trucknor. Eg var ofte med han på jobb som liten, og fekk sjå på alle køyretøya som var innom. På ungdomskulen jobba eg deltid her, og no er eg tilbake som lærling i tunge køyretøy, seier Ingrid Marie.

Likar å hjelpe

Eg har alltid likt å hjelpe folk, og hadde eigentleg helse- og sosial på førsteplass. I 10. klasse testa eg utplassering på Teknolog- og Industrifag ved ei tilfeldigheit og likte det så godt at eg flytta det på førsteplass. Eg kom inn og fekk testa sveising, dreining og maskinering. Til slutt landa valet på mekanikar i tunge køyretøy.

Meistringskjensla er det som absolutt er det kjekkaste med jobben. Når du kan køyre ut bilen der alt er i orden, og sjå smilet og letta i auga til sjåføren er ein fantastisk følelse. Sjølv om det ikkje er helse, kan eg hjelpe folk på ein anna måte.

Variert kvardag

Her får eg prøvd meg på mykje forskjellig. Vi har service og reperasjonar på store køyretøy og hengarar. Det er enkelte problem som går igjen oftare enn andre, men ein skal ha kunnskap om eit breitt spekter. Mekanikar i tunge køyretøy er eit vidt fagfelt, og det er ein kompetanse som også andre bransjar ser på som attraktive.

Korleis bli LÆRLING?

1

Kvalifiser deg med lite fråvær og gode karakterar på Vg1 og Vg2.

2

Fyll ut og send søknad om læreplass gjennom www.vigo.no til fylkeskommunen før 1. mars, medan du går på VG2.

3

Sjå etter ledige læreplassar på vår nettside: www.bok-sfj.no

Skriv ein søknad og CV til dei bedriftene du vel ut frå nettsida. Møt personleg opp med søknaden. Send alltid søknaden til fleire bedrifter.

FAGPRØVA ER EI STOR HENDING



Toyota Førde har no inne seks lærlingar. Frå venstre: Magnus Birkeland (bilskade), Samir Khalifa (bilpleiefaget), Thinnakorn Kongphochai (bilfaget lette køyretøy), Leif Einen (fagansvarleg), Miriam Eikås (salsfaget), Tobias Fanebust (bilfaget lette køyretøy) og Jan-Tore Hage (bilskadefaget). Foto: Maria Hunvik.

Leif Einen starta i Toyota Førde for 39 år sidan, og Stian Sølvsberg har jobba på Frydenbø i over 20 år. Til saman har dei hatt ansvar for over 100 lærlingar – med god hjelp frå Bilbransjens opplæringskontor Sogn og Fjordane (BOK-sfj).

Å sjå utviklinga til lærlingane er givande. Første dagen lærlingane kjem inn døra er dei usikre på seg sjølve, og gjennom lærlingtida ser vi utvikling på personleg nivå og kunnskapsnivå. Den dagen lærlingane får fagbrevet er dei rake i ryggen og trygge på seg sjølve, seier Stian Sølvsberg.

Ein bransje å utvikle seg i

Mange assosierer bilverkstad med oljesøl og skit på hendene. Bilbransjen har utvikla seg mykje, no slepp ein den fysiske påkjenninga det ein gong var. Alle kan oppnå fagbrev innan bilfaget så lenge ein er nysgjerrig og har interesse for det, seier Leif Einen.

Eit fagbrev gir uendelege moglegheiter. Etter 4 års erfaring etter fagbrev kan ein bli teknisk leiar, som er ansvarleg for verkstaden. Ein kan også ta kurs for å bli PKK-kontrollør, som tar seg av EU-kontroll på lette og tunge køyretøy, samt traktor. Vi har fleire hos oss som starta med fagbrev, og som har jobba seg oppover i leiarstillingar.

Det at ein har fagbrev i botn og erfaring med korleis det er å jobbe i verkstaden er ein kjempefordel når vi er på jakt etter nye leiarar, seier Sølvsberg.

Fleire vegar til fagbrev

Ein treng ikkje alltid gå den tradisjonelle vegen for å få fagbrev. Dei fleste går løpet med to år på skulebenken og deretter to år som lærling.



Leif Einen og Stian Sølvsberg har hatt ansvar for over 100 lærlingar i Sunnfjord. Foto: Maria Hunvik.

Gjennom NAV tek vi også inn personar som av ulike grunnar ikkje er i jobb og lar dei få prøve om dette er noko dei trivast med. Deretter kan dei få tilbod om lærlingplass og få fagbrev på 3 – 3,5-års lærlingtid.

Ein av dei beste lærlingane eg har hatt kom til oss på denne måten. Den dagen lærlingen fekk fagbrevet og sa at å få denne sjansen «betyr alt», fekk eg ei tåre i augekroken, seier Leif Einen.

Opplæringskontoret er ein viktig medspelar BOK-sfj er viktig for oss. Dei hjelper oss med å sikre at lærlingen har den obligatoriske opplæringa og kursa dei treng til fagprøve. Slike aktørar gjer at også små bilverkstader kan ta inn lærlingar og utdanne fleire mekanikarar. Dersom vi har tilsette som ønskjer å heve kompetansen tilbyr opplæringskontoret kurs regelmessig og lokalt. Dette går fordi ein samarbeider på tvers av forhandlarane, avsluttar Sølberg.



Hos Frydenbø Førde har dei tre lærlingar som skal bli mekanikarar innan bilfaget – lette køyretøy. Frå venstre: Rasmus Rødbotten, Sigve Kjøsnes, Eduard Mihai Andrei, og Stian Sølberg (fagansvarleg). Foto: Maria Hunvik.

INTENSE DAGAR UNDER NM

Yrkes-NM gjekk av stabelen i Stavanger, første veka i april. Med to lærlingar og to dommarar frå Sogn og Fjordane, var det spennande dagar.

Medaljeplass til Lilly

Lilly Christensen, som er lærling hos Bilskadesenteret Sogn, konkurrerte i billakkerarfaget. Med 9 andre deltakarar i hennar klasse, er det stas å få med ein sølvmedalje heim til Sogn og Fjordane.

Testa kunnskapen

William Tveita fekk bryne seg på skifte av registerreim, førstegangservice og problem med motorstart i klassen bilfag, lette køyretøy. Til vanleg er han lærling hos Bilhuset Førde. I klassa til William var det 14 andre deltakarar, og små poengmarginar mellom deltakarane. Han endte til slutt på ein 5. plass etter ein god jobb.

Det er ikkje, og ganske intens oppleving for deltakarar og dommarar. Med tre hektiske dagar og mykje å lære er det verdt å prøve det om du får sjansen!

To lærlingar og to dommarar i bresjen på yrkes-NM i Stavanger. Frå venstre: Monica Heimlid, Lilly Christensen (billakkerarfaget), William Tveita, og Thomas Einen (bilfaget, lette køyretøy). Foto: BOK-sfj.



DRAUMEN ER Å BLI EIN GOD MEKANIKAR



Gutane på Trucknor Sogn og Fjordane har klare mål for framtida. Frå venstre: Isak Rundereim, Daniel Langeset og Geir Magne Erdal. Foto: Maria Hunvik.

Dei blei alle introduserte for skruing av bil frå ung alder, fortel Daniel Langeset (18), Isak Rundereim (19), og Geir Magne Erdal (25). Det har påverka yrkesvalet når dei no er lærlingar innan tunge køyretøy på Trucknor Sogn og Fjordane si avdeling i Stryn. Her er ingen dagar like, seier Daniel Langeset.

Eg har vakse opp i ein bil-familie, så interessa for å skru har vore der frå oppveksten. Faren min har ein verkstad for lette køyretøy, og det har alltid vore planen å bli mekanikar. Då eg kom på skulebenken blei eg kjent med tyngre køyretøy og kva det hadde å tilby, så eg søkte om å ta læretida på det faget. Til slutt fekk eg tilbod om lære plass her på Trucknor, seier Daniel.

Likar best gamle bilar

Miljøet for å skru på bil er ikkje så stort i Selje, så eg flytta til Stryn der det er større, seier Isak. Eg har allereie eit fagbrev i industrimekanikarfaget. Som industrimekanikarar jobbar eg med maskiner i industrien. Då eg flytta til Stryn blei eg kjent med Trucknor, og no er eg i gang med mitt andre fagbrev – denne gongen på tunge køyretøy, smiler ungdommen frå Selje.

Kople saman hender og hovud

Eg likar at ingen dagar er like, seier Geir Magne. Vi har arbeid på service, EU-kontroll, vedlikehald og reparasjonar når det trengs. Det kjekkaste

er dei oppdraga der det tar fleire dagar å gjere ein reparasjon på eit køyretøy. Då får vi verkeleg utfordra oss, og testa ut kunnskapen vi har.

Det er mykje samarbeid på arbeidsplassen. Det kan vere arbeid der vi treng å vere fleire hender for å gjere eit oppdrag, eller at vi må slå fleire kloke hovud saman for å løyse eit problem, skyt Daniel inn.

Ein jobb for alle

Det er framleis mange som tenker at ein må vere fysisk sterk for å vere mekanikar. No har vi tilrettelagte verktøy ved tunge oppdrag. Så lenge ein har interesse for å skru vil dette vere ein kjekk jobb for deg. Vi har kollegaer med stor variasjon i alder. Dei erfarne har god kunnskap, og kan gi gode råd til oss lærlingar, medan vi kjem inn med eit ferskt blikk, seier Isak.

Draumen er å få fagbrev og bli ein god mekanikar. Etterkvart vil vi ta fleire kurs for å bli enda betre på det vi gjer, avsluttar dei tre.

DET ER **ALDRI** FOR SEINT Å TA FAGBREV

I Stryn finn du serviceverkstaden Kveen Motor og dei to lærlingane John Osvik og Jan Frode Kvamme. Dei er dei einaste lærlingane i motorsykkelfaget i gamle Sogn og Fjordane og starta på fagbrev etter mange år i bilbransjen.

Eg har jobba hos Kveen Motor i 4 år, og fekk tilbod om «fagbrev på jobb». Det betyr at vi kan få tilbod om lærekontrakt utan å ha gått den tradisjonelle studievegen. Sidan vi har ulik bakgrunn og kompetanse er det litt tilpassing i opplæring. Då går BOK-sfj og arbeidsplassen saman, og skreddarsyr ein plan fram mot fagbrevet, seier Jan Frode.

Jan Frode har jobba hos bedrifta sidan 2020. Då arbeidsplassen spurte om han ville vere med på «fagbrev på jobb»-ordninga, takka han ja. Han har bestått fagprøva, og kan kalle seg motorsykkelmekanikar.

Variasjon i arbeidet

Når vi spør karane kva dei gjer i løpet av ein arbeidsdag er svaret klart: «Kva er det vi ikkje gjer!»

Det er ein stor variasjon i arbeidsoppgåver og køyretøy. Her mekkar vi på ATV-ar, vannskuter og snøskuter. Vi gjer alt relatert til skruing på køyretøya, anten det er service, vedlikehald, reparasjon, klargjering eller feilsøking. Det er ein kjekk jobb, seier John som no er lærling i motorsykkelfaget.

Fiksar havarerte køyretøy

Den kjekkaste jobben er å fikse ATV-ar som har krasja. Når dei kjem inn er dei bulkete og ikkje i stand til å køyre ein centimeter. Det er ei skikkeleg utfordring og ein jobb vi gjerne må bruke fleire dagar på. Når ein då får dei i god stand igjen er det kjekt, seier Jan Frode.

Behovet for fleire lærlingar og mekanikarar i motorsykkelfaget er sterkt. Kveen Motor har hatt lærlingar heile vegen i ulike fag – frå mekanikarar i lette og tunge køyretøy til sal og service og anlegg.

Det er ei god bedrift å vere lærling i. Vi har ein fagleg leiar på huset som følger oss opp, og BOK-sfj er ein god samarbeidspartnar på fagkompetanse, opplæring og eksamen. Om du er nysgjerrig på ei utdanning innan bilbransjen er det mange moglegheiter, og det er aldri for seint å utdanne seg, avsluttar dei.



Karane på Kveen trivast med å skru på motorar. Frå venstre: Jan Frode Kvamme og John Osvik. Foto: Maria Hunvik.

LÆRLING I BILBRANSJEN

Det handler om å finne det som passar deg
– og elske det du gjer

- ✓ Godt utval av arbeidsplassar i heile landet, bygd og by
- ✓ Varierte arbeidsdagar, interessante arbeidsoppgåver
- ✓ Du lærer faget gjennom praksis og praktisk teori
- ✓ Gleden av å kunne fikse bil eller motorsykkel sjølv
- ✓ Fagbrevet hjelper deg vidare
- ✓ Gode moglegheiter for utvikling og høgare utdanning
- ✓ Fysisk aktivitet i arbeidsdagen
- ✓ Du får jobbe med avansert teknologi som er i konstant utvikling

A til Å • www.bilfag.no

For deg som har lyst på ei praktisk utdanning,
Bli sjølvssikker, dyktig og arbeidssklar i ditt fag!

1. år

Vg1 – Vidaregåande trinn 1

Teknologi- og industrifag

2. år

Vg2 – Vidaregåande trinn 2

Køytø

Bilskade, lakk og karosseri

3. år

Vg3 – Vidaregåande trinn 3 eller opplæring i bedrift

Bilfaget, lette køytø

Bilfaget, tunge køytø

Hjulutrustningsfaget

Motormekanikarfaget

Motorsykkelfaget

x Reservedelsfaget

Billakkerarfaget

Bilpleiefaget

Bilskadefaget

Chassispåbyggjarfaget

Påbygging til generell
studiekompetanse

